

Møteprotokoll

Utval:	Hovudutval for opplæring og kompetanse
Møtestad:	Fylkesutvalsalen, Fylkeshuset - Sandsli, Sandslihaugen 30, Bergen
Dato:	13.10.2020
Tid:	09:00-14:30

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Karianne Torvanger	Leiar	A
Åsmund Berthelsen	Nestleiar	SV
Emil Gadolin	Medlem	A
Nina Bognøy	Medlem	A
John Andre Kongsvik	Medlem	H
Svein Halleraker	Medlem	H, frå kl. 9:50
Sonja Øvre-Flo	Medlem	H
Jeanette Syversen	Medlem	R
Nils Haugland	Medlem	FNB
Rosalind Fosse	Medlem	FrP
Pauline Tomren	Medlem	MDG
Alexander Fosse Andersen	Medlem	SP
Sigurd Erlend Reksnes	Medlem	SP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Kristina Vaktskjold Hamre	Medlem	KRF

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Katrine Helland Johannessen	Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem

Merknader

Miniseminar om toppidrett frå kl. 9.00-11.00.
Det var 14 medlemmer tilstades.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Bekka Skaasheim	Assisterande fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Birthe Andersen Haugen	Seksjonssjef, stab, opplæring og kompetanse
Øivind Høines	Seksjonssjef, inntak/forvaltning, opplæring og kompetanse
Kent Rune Teigen Måren	Seksjonssjef, kvalitet i opplæringa, opplæring og kompetanse
Merethe Helland Nordnæs	Seniorrådgjevar/møtesekretær

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 18/20	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 19/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse 16.09.2020	2019/130	
	Referatsaker		
RS 29/20	Status - styringsgruppa sitt arbeid med mål og strategiar	2019/146	
RS 30/20	Orientering om utsetting av handsaminga av ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune	2020/35844	
RS 31/20	Saldering av budsjettforslag - budsjett 2021	2020/60738	
	Skriftlege spørsmål		
SI 17/20	Spørsmål frå Fosse Andersen - Sp - om lærebøker på nynorsk	2020/38206	
SI 18/20	Spørsmål frå Fosse - FrP - VG2 Ventilasjon, membran og taktekking til Åsane vgs	2020/38206	
	Politiske saker		
PS 47/20	Høyrings svar frå Vestland fylkeskommune - «Bedre velferdstjenester for barn og unge som har behov for et sammensatt tjenestetilbud (samarbeid, samordning og barnekoordinator)»	2020/58749	
PS 48/20	Plan for kompetanseutvikling strategi 2020-2024	2020/47984	
PS 49/20	Årsmelding frå elev- og lærlingombodet for skuleåret 2019-2020	2020/59045	
PS 50/20	Nedsettelse av arbeidsgruppe for å vurderer ulike løysingar for organisering av toppidrettstilbodet i Vestlandfylkeskommune		
PS 51/20	Høyringsfråsegn frå hovudutval for opplæring og kompetanse: Lærebøker på nynorsk.		
PS 52/20	Status - styringsgruppa sitt arbeid med mål og strategiar		

Godkjenningssaker

GK 18/20 Godkjenning innkalling og sakliste

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 13.10.2020

Møteleiar tok opp at RS 31/20 vart ettersendt seint. Det vart lita tid til å setje seg inn i saka.

Følgjande saker vart sett på sakslista:

- 1.Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes å sette saka «Nedsettelse av arbeidsgruppe for å vurdere ulike løysingar for organisering av toppidrettstilbodet i Vestland Fylkeskommune» på sakslista.
- 2.Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes å sette saka «Lærebøker på nynorsk» på sakslista.
- 3.Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes å gjere sak RS 29/20 «Status - styringsgruppa sitt arbeid med mål og strategiar» om til ei politisk sak og sette saka på sakslista.

Vedtak

Møteinnkallinga og sakslista vart godkjent med merknadene ovanfor.

Miniseminar om toppidrett frå kl. 9.00-11.00.

Velkommen og innleiing v/utvalsleiar Karianne Torvanger
Inntaksreglementet v/fylkesdirektør opplæring og kompetanse Bjørn Lyngedal
Det ordinære tilbodet v/fylkesdirektør opplæring og kompetanse Bjørn Lyngedal
Idrettskretsen
Olympiatoppen
Diskusjon og spørsmål

Orienteringar i møtet:

TV-aksjonen - WWF sitt arbeid for å kjempe mot plast i havet (20 min)
v/Marthe Jansen, fylkesaksjonsleiar i Vestland.
Ajourhaldet - formidling v/Øivind Høines, leiar seksjon inntak, forvaltning og sluttvurdering
Nasjonale midlar til oppfølging i samband med Covid-19 v/Bjørn Lyngedal, fylkesdirektør opplæring og kompetanse
Planlagt oppstart Vg3 i skule v/ Bjørn Lyngedal, fylkesdirektør opplæring og kompetanse

GK 19/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse 16.09.2020

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 13.10.2020

Vedtak

Møteboka frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 16.09.2020 vart godkjent utan merknader.

Referatsaker

RS 29/20 Status - styringsgruppa sitt arbeid med mål og strategiar

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 13.10.2020

Saka vart samrøystes vedteke gjort om til ei politisk sak, av hovudutvalet.

Sjå sak PS 52/20.

RS 30/20 Orientering om utsetting av handsaminga av ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 13.10.2020

RS 30/20 vart referert.

RS 31/20 Saldering av budsjettforslag - budsjett 2021

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 13.10.2020

RS 31/20 vart referert.

Skriftlege spørsmål

SI 17/20 Spørsmål frå Fosse Andersen - Sp - om lærebøker på nynorsk

Svar frå fylkesdirektør opplæring og kompetanse:

1. Skuleåret 2020/21 er oppstarten av fagfornyinga, noko som aktualiserer behovet for nye og oppdaterte læremiddel for Vg1. Fylkesdirektøren har vore i kontakt med nokre av dei vidaregåande skulane for å få tilbakemelding på tilgangen til nynorske læremiddel. Grunna avvikling av haustferien er det avgrensa kor mange som har hatt moglegheit til å gje tilbakemelding. Tilbakemeldinga er at det i store trekk har vore variasjon i kva tid skulane har motteke bestilte lærebøker på, både når det gjeld nynorsk og bokmål. Manglande naturfagsbok på nynorsk ved Hafstad vgs. er difor ikkje eit særtilfelle. Ein god del lærebøker var på plass til skulestart, medan nokre melder at dei endå ikkje har motteke bestilte bøker. Dette gjeld både lærebøker i begge målføra og lærebøker der nynorskutgåva endå ikkje er levert. Døme: Ein skule melder om at lærebøker i idrettsfag endå ikkje føreligg verken på bokmål eller nynorsk og ein anna skule melder om at matematikkbøker for nokre utdanningsprogram føreligg, medan andre utdanningsprogram vil få sine bøker levert seinare i haust.

Når det gjeld tilgang på læremiddel på nynorsk er tilbakemeldingar at Vg1-elevane ikkje har fått lik tilgang på læremiddel på nynorsk som bokmål. Tilbakemeldingar frå skular er mellom anna at

- lærebøker på nynorsk i fleire tilfelle vert levert ein og ein halv månad etter bokmålsutgåvene
- det er usikkerheit om alle digitale læremiddel er tilgjengelege på nynorsk
- i fleire fag har ein del skular gått bort frå fysiske lærebøker og i staden brukar digitale læremiddel.

NDLA melder om at alle NDLA sine læremiddel er publisert både på nynorsk og bokmål.

2. Læreplanverket er forskrifter til opplæringslova og styrer innhaldet i elevane si opplæring. Ut i frå læreplanverket skal skulane velje metodar og læremiddel/ressursar dei ønskjer å bruke for at elevane skal få best mogleg opplæring, og skulane er difor ikkje direkte avhengig av ei

bestemt lærebok. Det er kome tilbakemelding på at forlaga sender PDF-versjonar av kapittel i lærebøkene i påvente av ei ny lærebok. Dette kan vere til god hjelp for skulane i ventetida. Utover det må skulane bruke andre ressursar i opplæringa. På kort sikt kan ein oppmode forlaga om å levere dei nynorske læremidla så raskt som mogleg.

3. Både Hafstad vgs. og andre skular melder om at det å få tilgang på nynorske læremiddel på lik linje med læremiddel på bokmål er ei gjennomgåande og gjentakande utfordring som har vore gjeldande over lang tid. Vestland fylkeskommune v/fylkesordførar og utvalsleiar vil ta denne utfordringa opp med kunnskapsministeren.

SI 18/20 Spørsmål frå Fosse - FrP - VG2 Ventilasjon, membran og takteking til Åsane vgs

Svar frå fylkesdirektør opplæring og kompetanse:

Spørsmål 1: «Er det blitt lagt til rette for verkstedsfasiliteter (undervisningsareal) ved Åsane Vgs for faget VG2 Ventilasjon, membran og takteking?»

Eksisterande vg2-tilbod klima-, energi- og miljøteknikk (KEM) blir delt i vg2 røyr, og vg2 ventilasjon, membran og takteking frå hausten 2021. Åsane vidaregåande skule er detaljert gjennom vedtak i skulebruksplanen til å tilby vg2 røyr. Det er bygd verkstader som dekker dette behovet. Dersom skulen skal ha verkstad for vg2 ventilasjon, membran og takteking vil det krevje tilpassingar av verkstader og investeringar i utstyr.

Saka om opplæringstilbodet for 2021/22 skal handsamast av hovudutvalet 25.11.2020. I denne saka vert opplæringstilbodet vurdert som ein heilskap. Behova i næringslivet, og elevane sine ønskjer er med i desse vurderingane. Det er naturleg å sjå på tilrettelegging for eit eventuelt tilbod innan vg2 ventilasjon, membran og takteking etter at opplæringstilbodet er vedteke.

Spørsmål 2: «Er midler til maskiner og utstyr avsatt i budsjettet for 2021? Hva må på plass nå i inneværende år?»

Budsjettet for 2021 er under utarbeiding. Detaljering av investeringsbudsjettet vil ikkje skje før opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22 er vedteke og budsjettet er vedteke i fylkestinget i desember. Det vert normalt sett av midlar til utstyr på nye linjar/tilbod og 2021 må ein særskilt vurdere trongen for utstyr ved dei nye/endra vg2 tilboda innanfor yrkesfaga.

Spørsmål 3: Hvilken markedsføring legger en opp til for å fremme linjen til oppstart 2021 på Åsane Vgs?

Dersom det vert oppretta vg2 ventilasjon, membran og takteking ved Åsane vgs vil tilbodet verte marknadsført saman med dei andre vg2 tilboda som skulen tilbyr.

Spørsmål 4: «Hvilken dialog har det vært med opplæringskontoret for Ventilasjon, membran og takteking for tiltettelegging til faget for oppstart høst 2021?»

Som ein del av grunnlaget til sak om opplæringstilbod for skuleåret 2021/22 inviterte fylkesdirektøren alle opplæringskontor til digitale møter torsdag 1.10 og fredag 2.10. Bakgrunnen for møta var ein orientering om ny inntaksmodell og gjennomgang av elevtal i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma 2020/21. Dette blei sett opp mot tal ungdomar utan tilbod om læreplass og gjennomføringsgrad i utdanningsprogramma.

Opplæringskontora blei inviterte til å sende skriftleg tilbakemelding på dimensjonering av opplæringstilbodet innan gitt frist. Blikkenslagmestrenes opplæringskontor leverte 7.10 tilbakemelding, og viser m.a. til udekt kompetansebehov i eigen bransje. Dei gir vidare uttrykk for at det nye tilbodet vg2 ventilasjon, membran og takteking krev plass, utstyr, maskiner og lækrekrefter. Vidare viser dei til ein usikkerheit om skulane ønskjer å

marknadsføre vg2-tilbudet. Opplæringskontoret ønsker at vg2 ventilasjon, membran og taktekking blir oppretta for skuleåret 2021/22.

Politiske saker

PS 47/20 Høyringsvar frå Vestland fylkeskommune - «Bedre velferdstjenester for barn og unge som har behov for et sammensatt tjenestetilbud (samarbeid, samordning og barnekoordinator)»

Forslag til innstilling:

Fylkesutvalet for Vestland fylkeskommune vedtek høyringsfråsegna «Bedre velferdstjenester for barn og ungdom med behov for sammensatt tjenestetilbud» slik ho kjem fram av saksutgreiinga.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 13.10.2020

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling

Fylkesutvalet for Vestland fylkeskommune vedtek høyringsfråsegna «Bedre velferdstjenester for barn og ungdom med behov for sammensatt tjenestetilbud» slik ho kjem fram av saksutgreiinga.

PS 48/20 Plan for kompetanseutvikling strategi 2020-2024

Forslag til innstilling

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtek Plan for kompetanse- og profesjonsutvikling for vidaregåande opplæring, strategi 2020-2024.
2. Plan for kompetanse- og profesjonsutvikling for vidaregåande opplæring, strategi 2020-2024, skal årleg justerast av hovudutval for opplæring og kompetanse i samsvar med opplæringslova § 10-8

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 07.10.2020

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtek Plan for kompetanse- og profesjonsutvikling for vidaregåande opplæring, strategi 2020-2024.
2. Plan for kompetanse- og profesjonsutvikling for vidaregåande opplæring, strategi 2020-2024, skal årleg justerast av hovudutval for opplæring og kompetanse i samsvar med opplæringslova § 10-8

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 13.10.2020

Vedtak

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes å trekke saka frå sakslista.

PS 49/20 Årsmelding frå elev- og lærlingombodet for skuleåret 2019-2020

Forslag til innstilling:

Fylkestinget tek årsmeldinga frå elev- og lærlingombodet til orientering.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.09.2020

Emil Gadolin, A, sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett, da saken ikkje er behandla i yrkesopplæringsnemnda. Hovedutval for opplæring og kompetanse ber om at saken sendes til behandling i yrkesopplæringsnemnda.»

Avrøysting (til utsetjing):

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Vedtak

Saken vert utsett, da saken ikkje er behandla i yrkesopplæringsnemnda. Hovedutval for opplæring og kompetanse ber om at saken sendes til behandling i yrkesopplæringsnemnda.

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 29.09.2020

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Saken vert utsett, da saken ikkje er behandla i yrkesopplæringsnemnda. Fylkestinget ber om at saken sendes til behandling i yrkesopplæringsnemnda.

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2020

Fylkesordførar **Jon Askeland (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.»

Avrøysting utsetjingsforslag

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 07.10.2020

Roger Pilskog, LO, sette på vegner av LO, NHO, UNIO, KS, Virke, medlem frå hovudutval for opplæring og kompetanse og medlem frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon fram slikt forslag:

«Yrkesopplæringsnemnda viser til elev- og lærlingombodets rapport, og tilrådingane som nemnda meiner er gode. Yrkesopplæringsnemnda har ved fleire anledningar drøfta behovet for at lærlingar må ha betre informasjon og oversikt over ulike aktørars rolle i

fagopplæringa. Nemnda meiner derfor at punktet om å gi lærlingar betre informasjon må være eit prioritert tiltak.

Vidare går det fram i rapporten at det er eit behov for lærlingesamlingar i fylkeskommunal regi. Yrkesopplæringsnemnda seier seg einig i dette, og meiner det og er eit viktig tiltak for å styrke informasjon og kvalitet i fagopplæringa.»

Avrøysting

Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

Yrkesopplæringsnemnda viser til elev- og lærlingombodets rapport, og tilrådingane som nemnda meiner er gode. Yrkesopplæringsnemnda har ved fleire anledningar drøfta behovet for at lærlingar må ha betre informasjon og oversikt over ulike aktørars rolle i fagopplæringa. Nemnda meiner derfor at punktet om å gi lærlingar betre informasjon må være eit prioritert tiltak.

Vidare går det fram i rapporten at det er eit behov for lærlingesamlingar i fylkeskommunal regi. Yrkesopplæringsnemnda seier seg einig i dette, og meiner det og er eit viktig tiltak for å styrke informasjon og kvalitet i fagopplæringa.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 13.10.2020

Hovudutval for opplæring og kompetanse fremma opp att tilråding frå yrkesopplæringsnemnda som tilleggspunkt:

«Yrkesopplæringsnemnda viser til elev- og lærlingombodets rapport, og tilrådingane som nemnda meiner er gode. Yrkesopplæringsnemnda har ved fleire anledningar drøfta behovet for at lærlingar må ha betre informasjon og oversikt over ulike aktørars rolle i fagopplæringa. Nemnda meiner derfor at punktet om å gi lærlingar betre informasjon må være eit prioritert tiltak.

Vidare går det fram i rapporten at det er eit behov for lærlingesamlingar i fylkeskommunal regi. Yrkesopplæringsnemnda seier seg einig i dette, og meiner det og er eit viktig tiltak for å styrke informasjon og kvalitet i fagopplæringa.»

Pauline Tomren, MDG, sette på vegner av MDG, A, SV og SP fram slik tilleggspunkt:

«Hovudutval for opplæring og kompetanse sluttar seg til innstillinga til Y-nemnda, og ønsker særleg at lærlingar som ikkje er tilknytt opplæringskontor blir ivaretatt.

I tråd med oppmodinga i årsmeldinga frå elev- og lærlingombodet, oppmodar vi til at det etablerast meldeknapp tilknytt den vidaregåande opplæringa i Vestland, og den bør vidareførast med utgangspunkt i modellen frå tidlegare Sogn og Fjordane.

Til forskjell frå den tidlegare modellen bør det vurderast om knappen skal bytte navn frå "Meld-frå-om-mobbing-knapp" til "meld-frå-knapp".

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Tilrådinga frå yrkesopplæringsnemnda vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Tomren sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1.Fylkestinget tek årsmeldinga frå elev- og lærlingombodet til orientering.

2.Yrkesopplæringsnemnda viser til elev- og lærlingombodets rapport, og tilrådingane som nemnda meiner er gode. Yrkesopplæringsnemnda har ved fleire anledningar drøfta behovet for at lærlingar må ha betre informasjon og oversikt over ulike aktørars rolle i fagopplæringa. Nemnda meiner derfor at punktet om å gi lærlingar betre informasjon må være eit prioritert tiltak.

Vidare går det fram i rapporten at det er eit behov for lærlingesamlingar i fylkeskommunal regi. Yrkesopplæringsnemnda seier seg einig i dette, og meiner det og er eit viktig tiltak for å styrke informasjon og kvalitet i fagopplæringa.

3.Hovudutval for opplæring og kompetanse sluttar seg til innstillinga til Y-nemnda, og ønsker særleg at lærlingar som ikkje er tilknytt opplæringskontor blir ivaretatt.

I tråd med oppmodinga i årsmeldinga frå elev- og lærlingombodet, oppmodar vi til at det etablerast meldeknapp tilknytt den vidaregåande opplæringa i Vestland, og den bør vidareførast med utgangspunkt i modellen frå tidlegare Sogn og Fjordane.

Til forskjell frå den tidlegare modellen bør det vurderast om knappen skal bytte navn frå "Meld-frå-om-mobbing-knapp" til "meld-frå-knapp".

PS 50/20 Nedsettelse av arbeidsgruppe for å vurderer ulike løysingar for organisering av toppidrettstilbodet i Vestlandfylkeskommune

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 13.10.2020

Saka vart samrøystes vedteke sett på sakskartet.

Emil Gadolin, A, sette fram slikt forslag:

«Utvalg for opplæring og kompetanse nedsetter en arbeidsgruppe som skal vurdere ulike løsninger for organisering av toppidrettstilbudet i Vestland, samt finne løsninger på dagens utfordringer knyttet til regelverket for inntak. Arbeidsgruppen skal ha representasjon fra politisk nivå, fylkesadministrasjonen og Olympiatoppen Vest. Utvalg for opplæring og kompetanse gjør valg om Rosalind Fosse (Frp) og Karianne Torvanger (A) til arbeidsgruppen fra politisk nivå.

Arbeidsgruppen skal vurdere løsninger og organisering på kort og på lang sikt.»

Avrøysting

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utvalg for opplæring og kompetanse nedsetter en arbeidsgruppe som skal vurdere ulike løsninger for organisering av toppidrettstilbudet i Vestland, samt finne løsninger på dagens utfordringer knyttet til regelverket for inntak. Arbeidsgruppen skal ha representasjon fra politisk nivå, fylkesadministrasjonen og Olympiatoppen Vest. Utvalg for opplæring og kompetanse gjør valg om Rosalind Fosse (Frp) og Karianne Torvanger (A) til arbeidsgruppen fra politisk nivå.

Arbeidsgruppen skal vurdere løsninger og organisering på kort og på lang sikt.

PS 51/20 Høyringsfråsegn frå hovudutval for opplæring og kompetanse: Lærebøker på nynorsk.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 13.10.2020

Saka vart samrøystes vedteke sett på sakskartet.

Alexander Fosse Andersen, Sp sette på vegner av Sp, A, FNB, FrP, H, MDG, SV og R fram slikt forslag til høyringsfråsegn til forlag og andre produsentar av læremiddel :

«Vestland krev lærebøker på nynorsk

I samband med innføring av fagfornyinga frå skuleåret 2020/21 skal det produserast nye lærebøker og andre læremiddel. §9-4 i opplæringslova slår fast at ein i grunnskulen og vidaregåande opplæring, med nokre få unntak, berre kan bruke lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på begge målformer til same tid og til same pris. Hovudutval for opplæring og kompetanse i Vestland meiner dette er eit viktig prinsipp for å sikre bokmåls- og nynorskelevar lik rett til utdanning, men er klar over at det har vore problem med å skaffe nynorskelevar læremiddel dei har krav på.

Enkelte vidaregåande skular melder denne hausten om at det har vore problematisk å få tak i lærebøker på nynorsk. Eit døme er Hafstad vidaregåande skule som manglar naturfagbøker på nynorsk. Dette er ikkje greitt, og hovudutval for opplæring og kompetanse er sterkt uroa over at nynorskelevar ikkje får læremiddel på eiga målform. Ved innføringa av den nye læreplanen er med andre ord situasjonen igjen at nynorskelevar opplever at lærebøker på nynorsk ikkje ligge føre til same tid som bokmålsutgåver. Dette er noko hovudutval for opplæring og kompetanse ikkje kan godta.

Lærebøker på eiga målform er ein viktig føresetnad for lik rett til utdanning. Som eit stort nynorskfylke er det naturleg for Vestland fylkeskommune følgjer opp moglege brot på parallellitetskravet til læremiddel. Hovudutval for opplæring og kompetanse krev at forlag og andre produsentar av læremiddel klarer å levere læremiddel på begge målformer til same tid og same pris. Det er har elevane våre krav på.»

Avrøysting

Fosse sitt forslag til fråsegn vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestland krev lærebøker på nynorsk

I samband med innføring av fagfornyinga frå skuleåret 2020/21 skal det produserast nye lærebøker og andre læremiddel. §9-4 i opplæringslova slår fast at ein i grunnskulen og vidaregåande opplæring, med nokre få unntak, berre kan bruke lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på begge målformer til same tid og til same pris. Hovudutval for opplæring og kompetanse i Vestland meiner dette er eit viktig prinsipp for å sikre bokmåls- og nynorskelevar lik rett til utdanning, men er klar over at det har vore problem med å skaffe nynorskelevar læremiddel dei har krav på.

Enkelte vidaregåande skular melder denne hausten om at det har vore problematisk å få tak i lærebøker på nynorsk. Eit døme er Hafstad vidaregåande skule som manglar naturfagbøker på nynorsk. Dette er ikkje greitt, og hovudutval for opplæring og kompetanse er sterkt uroa over at nynorskelevar ikkje får læremiddel på eiga målform. Ved innføringa av den nye læreplanen er med andre ord situasjonen igjen at nynorskelevar opplever at lærebøker på nynorsk ikkje ligge føre til same tid som bokmålsutgåver. Dette er noko hovudutval for opplæring og kompetanse ikkje kan godta.

Lærebøker på eiga målform er ein viktig føresetnad for lik rett til utdanning. Som eit stort nynorskfylke er det naturleg for Vestland fylkeskommune følgjer opp moglege brot på parallellitetskravet til læremiddel. Hovudutval for opplæring og kompetanse krev at forlag og andre produsentar av læremiddel klarer å levere læremiddel på begge målformer til same tid og same pris. Det er har elevane våre krav på.»

PS 52/20 Status - styringsgruppa sitt arbeid med mål og strategiar

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 13.10.2020

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes å gjere RS 29/20 «Status - styringsgruppa sitt arbeid med mål og strategiar» om til ei politisk sak og sette saka på sakslista.

Åsmund Berthelsen, SV, sette fram slikt forslag:

«Hovudutvalet for opplæring og kompetanse har gjennom styringsgruppa for mål- og strategidokumentet vorte orientert om arbeidet med og innhaldet i dokumentet, gjennom orienteringar, presentasjonar, notat og arbeidsdokument. Hovudutvalet har kome med innspel og drøfta problemstillingar knytt til kvaliteten på opplæringa og strategiar. Gjennom gruppearbeid har styringsgruppa kome med forslag til kriterier for kvalitet og til kva som skal vere måla for den vidaregåande opplæringa i Vestland.

Hovudutvalet har hatt møte med elevar og leiing ved fleire skular. Utvalet har fått innsyn i korleis skulane arbeider og korleis elevane medverkar.

Hovudutvalet har fått orientering om arbeidet til ei ekspertgruppe som skal medverke med kunnskap til korleis skular og skuleeigarar betre kan drive eit systematisk kvalitetsutviklingsarbeid. Og på den måten løfte kvaliteten på opplæringa for elevane, og auke deira læringsutbytte.

På eit webinar den 2.november 2020 vil administrasjonen legge fram eit samla dokument. Det vert invitert ope til webinaret. Nokre vert særskilt inviterte slik som referansegruppa, elev- og tilsetteorganisasjonar, leiinga ved skulane, arbeids- og næringslivsorganisasjonar og fylkes- og kommunepolitikarar. Alle vil verte oppmoda om å kome med forslag og innspel til dokumentet før slutthandsaminga i utvalet den 25.11.. Dokumentet vert også handsama i fylkesutvalet, og til slutt i fylkestinget den 15. og 16.desember.»

Avrøysting

Berthelsen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hovudutvalet for opplæring og kompetanse har gjennom styringsgruppa for mål- og strategidokumentet vorte orientert om arbeidet med og innhaldet i dokumentet, gjennom orienteringar, presentasjonar, notat og arbeidsdokument. Hovudutvalet har kome med innspel og drøfta problemstillingar knytt til kvaliteten på opplæringa og strategiar. Gjennom gruppearbeid har styringsgruppa kome med forslag til kriterier for kvalitet og til kva som skal vere måla for den vidaregåande opplæringa i Vestland. Hovudutvalet har hatt møte med elevar og leiing ved fleire skular. Utvalet har fått innsyn i korleis skulane arbeider og korleis elevane medverkar.

Hovudutvalet har fått orientering om arbeidet til ei ekspertgruppe som skal medverke med kunnskap til korleis skular og skuleeigarar betre kan drive eit systematisk kvalitetsutviklingsarbeid. Og på den måten løfte kvaliteten på opplæringa for elevane, og auke deira læringsutbytte.

På eit webinar den 2.november 2020 vil administrasjonen legge fram eit samla dokument. Det vert invitert ope til webinaret. Nokre vert særskilt inviterte slik som referansegruppa, elev- og tilsetteorganisasjonar, leiinga ved skulane, arbeids- og næringslivsorganisasjonar og fylkes- og kommunepolitikarar. Alle vil verte oppmoda om å kome med forslag og innspel til dokumentet før slutthandsaminga i utvalet den 25.11.. Dokumentet vert også handsama i fylkesutvalet, og til slutt i fylkestinget den 15. og 16.desember.»